

REFERAT FRÅ EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE INDRE SUNNFJORD TURLAG 2023

Tysdag 19.september kl 18:00
Førdehuset

Sakliste:

1) Konstituering

- a) Godkjenning av innkalling – IST si heimeside 30.08.23, seinare også Fb-side og kva skjer i Firda.

Vedtak: Innkalling vert godkjent

- b) Godkjenning av sakliste – jf § 7 i vedtektene – den saka/dei sakene som er nemnde i innkallinga (konstituering, vedtektsendring, justert budsjett)

Vedtak: Sakliste vert godkjent

- c) Val av ordstyrar

Vedtak: Styreleiar vert valt

- d) Val av sekretær

Vedtak: Organisasjonsmedarbeider vert valt

- e) Val av to til å skrive under protokollen

Vedtak: Dag Tore Mjåseth og Jan Roar Sekkelsten

2) Vedtektsendring

Vedtak:

IST sine vedtekter § 4 vert endra slik:

- Årsmøte skal haldast innan utgangen av februar månad.
- Årsmøte vel medlemmer til gruppene slik:
 - b) Hyttestyret skal vere på 5 medlemmer, vekselvis 2 og 3 er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert vald av årsmøtet for 2 år, 1 vara-medlem vert vald for 1 år.
 - c) ungdomsgruppe på 4 medlemmer slik at 2 og 2 er på val kvart år. Leiar og nestleiar vert vald av årsmøtet for 1 år. 1 varamedlem vert vald for 1 år.
 - g) Sti- og merkeutval med 5 medlemmer som vert valde for to år. Vekslesvis 2 og 3 er på val kvart år. Årsmøte vel leiar og nestleiar for to år.
- Velje valnemnd på 3 medlemmer der ein er på val kvart år. Årsmøtet vel leiar.

IST sine vedtekter § 9 vert endra til:

Leiar og eit styremedlem har signaturrett i fellesskap.

Sogn og Fjordane turlag vert erstatta med DNT Sogn og Fjordane der dette er nemnt i teksten.


3) Revidert budsjett 2022/23

Vedtak:

Revidert budsjett 2022/23 vert godkjent.

Stad:


Dato: 22/9-23



Dag Tore Mjåseth

Stad:

Dato: 26/9-23



Jan Roar Sekkelsten